
Fra: Kristin Nielsen
Sendt: 29. april 2015 09:34
Til: 'sandnesoset@hotmail.no'
Emne: Sak nr. 15/1437 - gbnr 51/151 snr 2 - trong for tilleggsdokumentasjon

Hei!

Eg handsamar no saka dykkar som gjeld søknad om bruksendring frå bod til soverom og stove.

Eg ser no at det kun er bygget og ikkje sjølve eigedomen dykkar som er seksjonert. Når ein eigedom ikkje er seksjonert, er det jf. «lov om eierseksjoner» § 30 krav om at det ligg føre samtykke til tiltak frå 2/3 av eigarane i sameiget til endringar.

Vi har difor trong for at de skriv eit brev kor det går fram at eigar av den andre seksjonen – gnr. 56, bnr. 151, snr. 1 – og de sjølv, som eigar av gnr. 56, bnr. 151, snr. 2 er einige om at del av snr. 2 vert bruksendra frå bod til soverom og stove. Dette er ikkje eit dokument det er naudsynt å tinglyse.

Saka dykkar vil verte ferdighandsama innan kort tid etter at de har sendt inn dette dokumentet.

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen

Rådgevar byggesak